

# Improvisasjon og komposisjon i gruppe

TID: 60 minutt

UTSTYR OG FØREBUING: Rytmeinstrument som til dømes trommer, rytmepinnar, maracas, rytmeegg, cabasa, giiro, eller det som er tilgjengeleg.



## Oppstart

Syng saman «Kom som du er».

Be elevane hjelpe deg til å hugse kva de gjorde førre økt.

Kva lærte de om musikk og kjensler? Kva for aktivitetar og øvingar gjorde de?

## Improvisasjon og komposisjon – gruppeoppgåve

Del elevane inn i grupper på 3–5 elevar. Del ut musikkinstrument til alle gruppene.

Perkusjonsinstrument eignar seg godt, men også melodiske instrument som til dømes xylofon og ukulele kan nyttast. Ta i bruk det som er tilgjengeleg, og prøv dykk fram.

Gi gruppene i oppgåve å samarbeide om å lage det dei oppfattar som «glad» musikk, «trist» musikk og vidare dei kjenslene som de ynskjer å fokusere på. Elevane skal lage musikk med hjelp av musikkinstrumenta dei har fått utdelt. Dei kan også bruke stemme og legge til enkeltord og meir tekst om dei ynskjer det. Dei kan også lage rytme med hjelp av kroppen (klappe, trampe, knipse, ...).

Vel ei kjensle som de ynskjer å starte med, og gi alle gruppene i oppgåve å lage musikk som skildrar den vale kjensla. Gi elevane 15 minutt eller meir til å jobbe i gruppene. Elevane skal no bruke instrumenta, og eventuelt stemme og kropp, til å lage eit musikalsk uttrykk eller produkt som dei meiner skildrar kjensla. Dette er ei god øving i samarbeid. Hugs å støtte og rettleie elevane undervegs. Når det gjeld kor mykje tid gruppene skal få til å jobbe med kvar enkelt kjensle, må de sjå an gruppene og korleis samarbeidet og prosessen utviklar seg. Etter at elevane har arbeidd med improvisasjon og/eller komposisjon over ei kjensle, kan dei vise for kvarandre gjennom ei klasseromsframsyning.